

STORTINGSVALG 2013:

**Vi går gjennom
partienes EU-
og EØS-vedtak**

Side 10-11

KNUSER EØS-MYTER:

**Treng ikkje
EØS for å selje
varene våre**

Side 6

NYTT GRATIS VETT-HEFTE:

**Skal Brussel styre
norsk samferdsels-
politikk?**

Side 9

vett

EU-KONTROLL

Skal Brussel styre norsk veitransport,
luftfart og jernbane?



HVA VEDTOK LO-KONGRESSEN?

Prøver å vri seg unna

**LOs nestleder Tor
Arne Solbakken (t.v.)
bortforklarer det
historiske EØS-vedtaket
med at dette har LO alltid
ment.**

Les mer side 3 og 4

**Bli
medlem
i Nei til EU!**

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (150,-)




Av Heming Olaussen, leder i Nei til EU
Tegning Pål Hansen, alias UKRUT.no

» Euroen var eit historisk mistak. [...] Euroen, slik han vart konstruert, er det nest største feilgrepet i heile EU-konstruksjonen.

Robert Cooper i Dag og Tid 31. mai 2013. Han er rådgjevar for Catherine Ashton, «utanriksministeren» til EU, og vil ikkje seie kva det største feilgrepet var.

Fire nye år?



Fortielsen om at en svært stor del av de lover Stortinget skal vedta i perioden 2013–2017 vil bli utarbeidet i Brussel, ikke i Norge. At Norge blir mer og mer integrert i den politiske unionen EU, på tvers av folkets vilje. At diskusjoner om alvorlige samfunnsproblemer som transportpolitikk, romfolk, innvandring, klimapolitikk, energispørsmål, sosial dumping, sunn mat, folkehelse, velferdsstat og så videre henger i løse lufta når de ikke blir koplet til Norges forhold til EU. Altså EØS og Schengen. At det er EU som setter rammene for den nasjonale politikken.

Slik vi ser det når EU vil konkurransetsette jernbanen, når de vil sette begrensninger for kampen mot sosial dumping, når de vil ha fri flyt av underbetalte langtransportsjåførere fra lavkostland, når de vil bestemme hvordan sikkerhetsarbeidet i Nordsjøen skal ordnes, eller diktere premissene for norsk grensekontroll. EUs makt i Norge er betydelig, men en ikke-sak, dersom ja-sida og Jens Stoltenberg får bestemme.

Vi kan forstå at norsk EU-medlemskap ikke er på dagsorden. Den saken har folket avlyst – i hvert fall inntil videre.

Til gjengjeld er det EØS for alle penga. Tilpasning, underlegging og aksept for det aller meste som kommer fra EU. Noen markeringer ser vi, og da er det fullt trøkk fra Brussel; trusler om straff mot de ulydige, som tillater seg en smule prosenttoll på ost, vil legge ned veto mot et EU-direktiv eller somler med å tilpasse norsk lov til EUs. Og ikke engang noe av denne vesle bruken av «handlingsrommet» vil vi se, dersom Høyre får bestemme. Da vil det bli å legge seg 100 prosent flatt for EU.

De fleste partiene og media prøver å holde EU og EØS unna valgkampen, også denne gang. Nei til EU tar derimot kampen for det åpne, demokratiske ordskiftet. For at folk skal få kunnskap og innsikt i årets valgkamp. Derfor gjennomfører vi en omfattende kartlegging av nesten 400 kandidaters stilling til seks sentrale og aktuelle EU- og EØS-spørsmål (se annet sted i avisa), og offentliggjør svarene så bredt vi bare maktet. I håp om at velgerne vil ta også dette med i betraktning før de legger stemmen sin i urna. Vi vil også legge fram en oversikt over partienes programposter med hensyn til EU, EØS og

Schengen. Dessuten vil vi være overalt rundt i landet for å drive folkeopplysning, både i juli og august. Vi vil stille med stands på stevner, konserter og mange andre steder, for å snakke med folk, dele ut materiell og påvirke.

Vi anbefaler verken noe spesielt parti eller regjeringalternativ, men ber folk tenke sjøl. Og gir dem litt å tenke på. I tillegg setter vi i denne valgkampen et spesielt fokus på EUs foreslåtte krav om å konkurransetsette persontrafikk på jernbanen, også i Norge. Et skoleeksempel på en sak som bør styres nasjonalt, ikke fra EU. Vi vil konfrontere ledende politikere og vil gjennomføre en morgenaksjon på perrongene rundt om i Norge.

Nei til EU stiller ikke til valg, men vi benytter valgkampen til å få EU- og EØS-saker på dagsorden. Det ser ut til at vi nok en gang må påta oss dette demokratiske ansvaret sjøl – i samarbeid med våre venner i nei-alliansen. Media ser ut til å være mest opptatt av å trille terninger. Politikerne av å bli valgt, uten at folk skal forstå hvor lite makt de faktisk har. Den har de i betydelig grad overlatt til EU.

Standpunkt

TIPS OSS! Standpunkt-redaksjonen blir alltid glad for tips fra leserne. E-post: standpunkt@neitil.eu.no | SMS: Send NTEU tips [ditt tips] til 2030

Ansvarlig redaktør: Heming Olaussen
Redaktør: Sindre Humberset
Layout: Eivind Formoe
Redaksjon: Hildegunn Gjengedal, Marianne Granheim Trøyflat og Dag Seierstad.
Korrektur: Kjell Arnestad.

Opplag: 32 000
Post- og besøksadresse: Storgata 32, 0184 Oslo
Kontakt oss: standpunkt@neitil.eu.no
Telefon: 22 17 90 20
Redaksjonen avsluttet: 5.6.2013.

Medlemskap i Nei til EU koster 330,- kroner pr. år, og kan betales inn til kontonummer 7874 05 01517.
Trykkansvarlig: Datatrykk

Annonser og istikk: Ta kontakt for pris og informasjon. Budskapet i annonser og istikk står for annonsørens regning og trenger ikke være sammenfallende med Nei til EUs syn.





” Den nye LO-ledelsen har sagt om kongressvedtaket at det ikke sier noe nytt: Dette har LO alltid ment. Flott! Det betyr at LO-ledelsen vil reagere på ethvert EU-direktiv og enhver EU-forordning som skyver til side ei norsk tariffavtale

Enstemmig EØS-vedtak. Hvis kongressvedtaket ikke var i strid med noen EØS-regler, hva ville da vært poenget med vedtaket? De legendariske artistene Åge Aleksandersen og Mikael Wiehe stilte på åpningen av LO-kongressen med hver sin nyskrevne sang.

FOTO: ANNE GARVOLL

Hva vedtok LO-kongressen?

LO-kongressen vedtok 7. mai – enstemmig – at «EØS avtalen påvirker norsk arbeidsliv og samfunn gjennom beslutninger fattet i EU. LO krever at norske myndigheter går imot begrensninger i retten til kollektive kampmidler, det kollektive forhandlingssystemet og retten til nasjonal lønnsdannelse. ILO-konvensjoner, norske tariffavtaler og norsk arbeidslivslovgivning må gis forrang foran EU-regler. En slik forrang må avklares mellom EØS avtalens parter.»

Dette står nå i handlingsprogrammet til LO for perioden 2013–2017.

Det er de to siste setningene som kan gjøre vedtaket til et vendepunkt i den faglige EØS-debatten. Den forrangen for norske avtaler og lover som LO-kongressen krever, «må avklares mellom EØS-avtalens parter!»

Avtalens parter er EU og Norge. LO-kongressen krever dermed at norske regjeringer arbeider for at denne forrangen også aksepteres av EU-kommisjonen på vegne av EU. Uten den siste setningen, ville kongressvedtaket bare vært en meningsytring som ingen hadde trengt å følge opp.

Den nye LO-ledelsen har sagt om kongressvedtaket at det ikke sier noe nytt: Dette har LO alltid ment. Flott! Det betyr at LO-ledelsen vil reagere på ethvert EU-direktiv og enhver EU-forordning som skyver til side ei norsk tariffavtale eller

som svekker det norske regelverket for arbeidslivet.

Kravet om at tariffavtaler og faglige rettigheter skal ha forrang, er ikke et særnorsk krav. Tvert imot er det et krav som med økende styrke fremmes også innad i EU.

1. Et overveldende flertall i *EU-parlamentet* (474 mot 106) vedtok i oktober 2008 at EUs markedsfriheter ikke skal være overordna grunnleggende rettigheter som retten til å inngå tariffavtaler og til å gå til arbeidskonflikt. Vedtaket kom etter at EU-domstolen med en serie dommer i 2007–08 slo fast det motsatte: at faglige rettigheter må vike hvis de kolliderer mot markedsfrihetene.

2. *Euro-LO* har siden 2009 krevd en juridisk forpliktende sosialprotokoll knytta til EU-traktaten der kjernen er: «Ingen ting i traktatene, verken økonomiske friheter eller konkurranseregler skal ha prioritet over grunnleggende sosiale rettigheter og sosiale framskritt. I tilfelle av konflikt skal grunnleggende sosiale rettigheter ha fortrinnsrett.»

3. 548 europeiske arbeidslivsjurister har i vår gått sammen om et manifest som uttrykker bekymring for det de kaller «et systematisk angrep på tarifforhandlinger» og en «stor og dramatisk avregulering av arbeidsmarkedene og trygdesystemene». Det fører til «prekære ansettelsesforhold (deltids- og

korttidsjobber), til utrygghet, høy arbeidsløshet, økende fattigdom og sosial uro». Det foregår en nedmontering av den europeiske sosialmodellen som til slutt kan ende med full ødeleggelse – hevder de 548 underskriverne.

Det er ingen tvil om at LO-vedtaket er i strid med dagens EØS-regler. Hvorfor skulle ellers EU-parlamentet, Euro-LO og et halvt tusen arbeidslivsjurister kreve at faglige rettigheter må ha forrang foran markedsfrihetene?

Grunnprinsippet i EØS er at enhver norsk lov må vike hvis den er i strid med en EØS-lov. Det gjelder for arbeidslivets lover like mye som for enhver annen lov.

EU-traktatens grunnprinsipper – de fire markedsfrihetene, den frie etableringsretten og konkurranselovgivningen – skyver derfor stadig faglige rettigheter til side. Det har verken Euro-LO, flertallet i EU-parlamentet eller et halvt tusen arbeidslivsjurister vært i tvil om.

Norges ledende ekspert på europeisk arbeidsrett, professor Stein Evju, er heller ikke i tvil: «Med den tilnærming EU-domstolen har bygget på, og den rettsstilstand domstolen derved har etablert, er i realiteten selve fundamentet for de kollektivarbeidsrettslige ordningene og tariffavtalesystemet truet.» (Arbeidsrett nr. 1-2/2010)

Det er grunn til å spørre: Hvis vedtaket

fra kongressen ikke var i strid med noen EØS-regler, hva ville da vært poenget med vedtaket? Kongressen fatta naturligvis vedtaket sitt for rette opp uholdbare forhold i norsk arbeidsliv.

LO-vedtaket var ikke overraskende. De fleste større LO-forbund og LO-foreninger har det siste året sendt inn forslag til hva de ville ha inn i LOs handlingsprogram for perioden 2013–2017. Krav som gikk igjen i de fleste forslaga, var at EØS-avtalen ikke måtte gripe inn mot norske tariffavtaler og at EØS-avtalen ikke måtte svekke faglige rettigheter eller den norske arbeidslivslovgivningen.

Det eneste som var overraskende, var at vedtaket på LO-kongressen var enstemmig.



Dag Seierstad
Varamedlem til styret i Nei til EU

KAMPEN OM DET HISTORISKE EØS-VEDTAKET:

Prøver å vri seg unna

LO-kongressen i starten av mai gjorde historiske vedtak som vil ta EØS-debatten til eit nytt nivå, men både Ap- og LO-leiinga hevdar at vedtaka ikkje endrar noko.

Allereie i vinter avlyste LO-leiinga EØS-kampen. Det ville ikkje bli nokon EØS-debatt på kongressen, og det var ikkje grunn til uro omkring konsekvensane av EØS-avtalen for arbeidslivet. Resultatet vart derimot ein intens debatt om nettopp EØS, som enda med at kongressen skjerpa krava til EØS-avtalen kraftig mellom anna ved å kreve forrang for norske arbeidslivsordningar framfor EØS-reglar.

Ingen av disse punkta låg inne i LO-leiinga si innstilling til kongressen og ikkje noko av dette var ønskt av LO-leiinga i forkant av kongressen.

Tolkar bort vedtaket

Etter kongressen prøvde både LO-nestleiar Tor-Arne Solbakken og partisekretær Raymond Johansen i Ap seg med at dette EØS-vedtaka frå kongressen ikkje får konsekvensar for verken LO eller regjeringa sin EØS-politikk.

– Arbeiderpartiet og regjeringens holdning til EØS ligger fast. Vi har styrt på grunnlag av EØS-avtalen i åtte år og det vil vi fortsette med, seier Raymond Johansen til Klassekampen 10. mai.

– Vi skal bruke handlingsrommet i EØS til å sikre norske standarder. I praksis kan jeg ikke se at LOs vedtak har noen konsekvenser. Aps og regjeringens politikk i dette spørsmålet ligger fast.

LO-nestleiar Tor-Arne Solbakken meiner at LO aldri har vore lenger unna å ønskje oppseiing av EØS-avtalen.

– Vårt EØS-vedtak var en presisering av synet vi alltid har hatt på avtalen. Det innebærer ikke en endret retning, slik noen forsøker å framstille det, seier Solbakken til Klassekampen 11. mai.

LO tolkar sjølv vedtaket

Jan Olav Andersen frå El og It Forbundet sat i redaksjonskomiteen som behandla EØS-framlegget på LO-kongressen. Han avviser at vedtaket ikkje endrar noko.

– Det er ei tolking av LOs vedtak som eg er usamd i. Vedtaket som vart fatta av kongressen er ordrett likt forslaget som vart fremja i redaksjonskomiteen av El og It Forbundet og Fagforbundet. Det ville vore påfallande om vi skulle ha lagt fram eit forslag som ikkje var i nærleiken av å ta vare på intensjonane i forslaga frå forbunda våre, seier Andersen til Nationen 18. mai.

– Det er LO sjølv som tolkar egne vedtak, og eg er



Ny leiing, gamle svar. Nyvald LO-leiar Gerd Kristiansen og nestleiar Tor-Arne Solbakken på LO-kongressen. Solbakken hevdar at EØS-vedtaket frå kongressen berre er ei presisering av synet LO alltid har hatt på avtalen.

FOTO: THOMAS VERMES

overraska over at det kjem ein slik diskusjon. Eg vil gjenta at El og It Forbundet og Fagforbundet har ei viss definisjonsmakt her, sidan det er vi i fellesskap som utforma og presenterte teksten som vart vedteken. Vi har ei heilt anna oppfatning av kva som er vedteke, seier han.

– Det er ingen tvil om at kongressen har fatta eit vedtak som seier at vi må ha ei endring i forholdet til Europa gjennom EØS-avtalen.

EØS skal ha vikeplikt

Han meiner at kongressvedtaket vil føre til ein heilt ny norsk EØS-politikk.

– Det betyr at der det oppstår konflikt mellom til dømes ein norsk tariffavtale og EU-regelverk, så skal EU-regelverket ha vikeplikt. I praksis betyr det at ein EU-dom ikkje skal kunne setje til side verken norske tariffavtalar eller norsk arbeidsmiljølovgeving. Kongressvedtaket krev også

EU skal avklare denne forrang.

– Det finst fleire måtar å gjere det på. Den mest ytterleggende, som nokon også har teke til orde for, er ei reforhandling av EØS-avtalen. Det kan også gjerast ved å inngå ein tilleggsprotokoll til EØS-avtalen, som slår fast dei køyrereglane vi frå LO-kongressen si side har vedteke. Då treng ikkje avtalen reforhandlast. Det er fullt mogleg som ei løysing i denne saka. Vedtaket vårt er ikkje automatisk eit krav om reforhandling. Så lenge avklaringa vert gjort, er det av underordna betydning for meg på kva måte ho vert gjort.

Historisk EØS-vedtak

Nei til EU meiner at LO sitt vedtak er historisk.

– Vedtaket betyr i klartekst at arbeidslivet må ut av EØS, seier leiar i Nei til EU, Heming Olaussen.

– EØS-avtalens kardinalprinsipp er at EU-lovgivning skal ha rang foran andre norske lover og forskrifter. Det sier LO nå et klart nei til. LOs historiske EØS-vedtak betyr fornyet styrke til kravet om redusert

EU-makt i Norge, seier han.

Og som Dag Seierstad skreiv i Klassekampen i veke 19: «Det er ingen tvil om at LO-vedtaket er i strid med dagens EØS-regler. Det trengs ingen eksperter på EØS-jus for å innse det. For å si det enklast mulig. Hvis kongressvedtaket ikke var i strid

med noen EØS-regler, hva ville da vært poenget med vedtaket? Kongressen fatta naturligvis vedtaket sitt for å endre noen av EØS-avtalens virkninger på norsk arbeidsliv.»

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

FAKTA

EØS-vedtak på kongressen

1. Kongressen vedtok å avvise jernbanepakke IV og kravet frå EU om privatisering av persontrafikk på jernbana – ei sak som ikkje er avklart i EU.
2. Kongressen vedtok å krevje bruk av veto mot EU sitt handhevingsdirektiv, dersom det endar opp med å true norske tiltak mot sosial dumping. Heller ikkje denne saka er ferdighandsama i EU.
3. Kongressen vedtok også samrøystes at «EØS-avtalen påvirker norsk

arbeidsliv og samfunn gjennom beslutninger fattet i EU. LO krevder at norske myndigheter går imot begrensinger i retten til kollektive kampmidler, det kollektive forhandlingsystemet og retten til nasjonal lønnsdannelse. ILO-konvensjoner, norske tariffavtaler og norsk arbeidslivslovgivning må gis forrang foran EU-regler. En slik forrang må avklares mellom EØS-avtalens parter.»

ALTERNATIVT TOPPMØTE I ATEN 7.-9. JUNI:

Manifest for et annet Europa



Alter Summit. Tusener krever stopp i nedskjæringspolitikken og et annet Europa. Bildet viser Alter Summit i Italia i mai. FOTO: ALTER SUMMIT

Den 7.-9. juni møttes flere tusen representanter fra fagorganisasjoner og sosiale bevegelser fra hele Europa i Aten under paraplyen «Alter Summit» (Alternativ toppmøte).

Det ble lansert et manifest for at annet Europa og protestert mot de massive nedskjæringer som spesielt rammer EU-land.

Den økonomiske krisen og nedskjæringspolitikken som har ført til massearbeidsløshet og fattigdom i land etter land, er det dystre bakteppet for dette nye initiativet.

– Det er en felles kamp, ikke bare grekernes. Alter Summit er en prosess som slutter når vi har fått reversert nedskjæringspolitikken, uttaler Susan George, mangeårig aktivist blant annet i Attac Frankrike og Transnational Institute (TNI).

Det var derfor ikke tilfeldig at Alter Summit ble avholdt i Aten. Hellas har stått i første linje når det gjelder nedskjæringer, massedemonstrasjoner og høy arbeidsledighet. Seneste tall viser at over 62 prosent av ungdommen er arbeidsløse. Men også Spania, Portugal, Irland, Italia og mange av de sentral- og østeuropeiske land står midt i kampen. Alter Summit er en måte å vise at vi står skulder ved skulder med de som er hardest rammet.

Alter Summit ble åpnet med en kvinnesamling fredag 7. juni og etterpå fulgte parallelle møter om utdanning, helse, migrasjon og bolig. På kvelden var det stormøte med presentasjon av manifestet og innblikk i kampene i Europa og støtten som gis. Lørdag var det flere parallelle møter om fascisme, gjeld, sosiale rettigheter og økologi i den første bolken, og sosial krise, gjeld, offentlige tjenester, demokrati og angrep på faglige rettigheter i den andre bolken. Lørdag kveld var det demonstrasjon mot kuttspolitikken og for et demokratisk

og økologisk Europa med faglige og sosiale rettigheter. Søndag samlet medlemmene i Alter Summit seg for å diskutere veien videre.

Manifestet

Manifestet innledes med følgende setning: «Europa står på randen av stupet og ser ned i avgrunnen.» Klarere kan det vel neppe sies. Ellers inneholder dokumentet fire hovedtemaer: Slutt på gjeldsslaveriet, Mot et økologisk og sosialt Europa – reverser nedskjæringspolitikken, Rettigheter til alle – nei til fattigdom og løsarbeidersamfunnet og For en demokratisk økonomi – bankerne skal tjene offentlige interesser. Manifestet slutter med å fastslå at den nåværende utviklingen i Europa representerer en fullstendig fornektelse av demokrati.

Det har vært en lang og treig prosess for å få vedtatt Manifestet, men det kom i mål til slutt.

Fagbevegelsen er med

Tre av de europeiske faglige føderasjonene har sluttet seg til Alter Summit. Det gjelder de offentlig ansattes (EPSU), transportarbeidernes (ETF) og lærernes (ETUCE) organisasjoner. I tillegg har en rekke faglige landsorganisasjoner støttet det nye initiativet, i Italia (CGIL), Frankrike (CGT), Belgia (CSC og FGFB), Portugal (CGT-P), Storbritannia (TUC), Ungarn (MSZ OSZ) samt noen mindre fagorganisasjoner. Euro-LO har også gitt initiativet sin støtte, men altså ikke LO i Norge.

Foruten fagbevegelsen er en rekke sosiale bevegelser og ideelle organisasjoner med. På

europisk nivå gjelder dette organisasjoner som Attac, Jordens venner, Europas nettverk mot fattigdom, Greenpeace samt kvinne- og sosiale rettighetsorganisasjoner. Fra Norge har For Velferdsstaten vært med fra begynnelsen, som en av initiativtakerne, og i dag er også Nei til EU, LO i Oslo, Attac og Norges Sosiale Forum med i nettverket. Nesten 200 organisasjoner er til nå tilsluttet.

Det er en overvekt av sør-europeiske og EU-vennlige organisasjoner i nettverket, og Nei til EU har derfor gjort en innsats for å få med våre nordiske søsterorganisasjoner. Folkebevegelsen mod EU i Danmark og finske Alternativ till EU reiste også til Aten. Sistnevnte er også tilsluttet. Svenske Folkrörelsen Nej till EU og islandske Heimssyn overveier i skrivende stund (23. mai).

Norske deltakere

Over 50 norske var til stede under Alter Summit i Aten med en klar overvekt av faglige representanter. Fra Nei til EU deltok leder Heming Olaussen, faglig leder Boye Ullmann og internasjonal leder Helle Hagenau. Hele styret i LO i Oslo, LO i Trondheim, LO i Tinn, Norges Sosiale Forum, For Velferdsstaten, Attac, en lang rekke fagorganisasjoner primært fra Oslo og mange flere var med i den norske delegasjonen.

PS: Denne artikkelen er skrevet for Alter Summit ble avholdt, men på grunn av Standpunkts trykkesid kommer den ut etter begivenheten har funnet sted.

Av Helle Hagenau

Internasjonal leder i Nei til EU

Island stoppar EU-forhandlingane

■ Sigmundur David Gunnlaugsson leiar det islandske sentrumspartiet Framsóknarflokkurinn og er ny statsminister på Island, skriv Nationen 23. mai. Det nye regjeringspartiet kunn gjorde at regjeringa vil ta ein pause i forhandlingane om EU-medlemskap. Medlemskapsforhandlingane kjem berre til å komme i gang igjen dersom eit klart fleirtal



på Island i ei folkerøysting går inn for å verte medlem av EU. Framsóknarflokkurinn er det islandske systerpartiet til Sp. Partiet har danna regjering saman med Sjølvtendepartiet, som også er EU-motstandarar, skriv avisa.

– Europas ledere har mislyktes totalt

■ Nobelprisvinner i økonomi Joseph Stiglitz er ikke i tvil om at innstrammings tiltakene i europeiske land har vært totalt mislykket, og at europeiske ledere fortjener skarp kritikk for at hele eurosoneen nå er i resesjon, fem år etter at krisen brøt ut, skriver NTB 2. juni.

EU forsøker å gi inntrykk av at ting er i ferd med å gå



seg til i eurosoneen, men tallene i realøkonomien forteller noe annet, ifølge Stiglitz.

– Det er vanskelig å opprettholde systemet slik det er i dag. Det må enten bli mer eller mindre Europa, sier han til NTB.

Advarer mot nye vannskuter-regler

■ I mai vedtok Stortinget å tillate vannskutere, etter at de har vært forbudt siden 2001. Det blir nå tillatt å bruke vannskuter utenfor et belte på 400 meter fra land, skriver VG Nett 29. mai. Endringen kom etter at EFTAs overvåkningsorgan ESA slo fast at det særnorske vannskuterforbudet var ulovlig. Sjøfartsdirektoratet mener imidlertid de nye reglene er farlige for førere av vannskuter. «Det innebærer at disse ikke er testet for ferdsel på åpent hav. En sjablongmessig



forbudssone slik forslaget legger opp til vil på enkelte steder kunne føre til at bruk av vannscooter må skje i havområder vannscootere ikke er konstruert eller testet for». Etaten legger deretter til at i slike tilfeller vil forbudssonen på 400 meter i realiteten kunne anses som et totalforbud av vannskutere.

VARME ORD & STIKK I SIDA

■ Standpunkt vil i dette nummeret dele ut Varme ord og Stikk i sida til:



Varme ord

Ungdommen på LO-kongressen ved Ann Ørjebu (bildet), Bjørn Sigurd Svingen, Steffen Høiland med flere som markerte hvor skapet bør stå når det gjelder Norges forhold til EØS. Gubbene i LO bør lytte bedre til framtida. Den er like rundt hjørnet!

Stikk i sida

Frederic Hauge, Bellona Den beskjedne sandefjordingen spiller rollen som en trojansk hest for EU i saken om sikkerhetsdirektivet offshore. Har ellers utmerket seg ved liksom å være mot norsk EU-medlemskap, fordi han ikke «vil EU så vondt». Passer i Brussel med sitt oppblåste ego.

” Dette alternativet baserer seg på den mest moderne og omfattende bilaterale handelsavtalen EU har inngått med eit anna land

Leo A. Grünfeld, leiar i Menon Business Economics.



Alternativ til EØS er mogleg. – Vi skal ikkje la oss påvirke av skremslepropagandaen om at vi ikkje får selt varene våre, seier Ann Ørjebu, leiar i ungdomsutvalet i Industri Energi.

FOTO: SINDRE HUMBERSET

TRENG IKKJE EØS FOR Å SELGE VARENE VÅRE:

Knuser EØS-mytene

Ein ny rapport frå Menon Business Economics avdramatiserer konsekvensane for eksporten av å erstatte EØS-avtalen med andre avtaleformer.

Den mest seiglivna myten i EØS-debatten er at Noreg er avhengig av EØS-avtalen for å få selt varene og tenestene våre på EU-marknaden. Den nye Menon-rapporten trengjer gjennom myten, ved å vise at det er mogleg å dekke eksportverksemdene sine behov gjennom andre avtaleformer enn EØS-avtalen.

– EU er utan tvil ein viktig eksportmarknad, seier Leo A. Grünfeld, leiar i Menon Business Economics, som har utarbeidd rapporten.

– EU står som mottakar av om lag 60 prosent av norsk eksport utanom olje og gass. Men EU sin del av eksporten er fallande. Fiskeeksporten og eksporten innanfor maritim- og offshoresektoren går i aukande grad utanfor EU, seier Grünfeld.

– Det er om lag 120 000 sysselsette innanfor eksporten til EU, fortel Grünfeld. Men eks-

porten til marknader utanfor EU skaper enda fleire arbeidsplassar i Noreg. Om lag 140 000 personar er sysselsette med eksport til resten av verda.

Moderne frihandelsavtale

Menon-rapporten slår fast at ein avtale som den EU forhandla fram med Sør-Korea i 2010 kan vere eit alternativ til dagens EØS-avtale. Eit anna poeng er at avtalen viser at EU er villige til å inngå omfattande handelsavtarar med viktige handelspartnarar.

– Dette alternativet baserer seg på den mest moderne og omfattande bilaterale handelsavtalen EU har inngått med eit anna land, seier Grünfeld, og peiker på at eit slikt alternativ også vil ligge nær opp til det dei fleste skeptikarane til dagens EØS-avtale ønskjer.

– Vi hoppa over ei sveitsisk løysing, fordi EU er så over-

trøytt av avtalane med Sveits. Vi ønskte difor å sjå etter andre avtarar, og helst då avtarar som EU har vist interesse for å inngå med andre.

EU-avtalen gjev fri handel med alle industrivarer og eit særleg liberalt handelsregime knytt til tenestehandling, som går mykje lenger enn det ein har vorte samde om i WTO-samanheng.

Dekkjer behovet

Menonrapporten viser at ein slik avtale også vil kunne sikre gode vilkår for eksporten.

– Vi har sett på om ein avtale som den EU har med Korea vil dekkje eksportørane sine behov, og ser at EØS-avtalen ikkje har like mykje å seie for all eksport, seier Leo Grünfeld.

Rapporten går gjennom åtte bransjar og vurderer i kva grad dei treng EØS-avtalen for å kunne eksportere. Av dei åtte



Leo A. Grünfeld

bransjane vil prosessindustrien, sjømat, maritim og offshore leverandøriindustri, forbruksvareindustri, utanriks sjøfart og reiseliv få dekt

sine behov gjennom ein slik Korea-avtale. Teknologindustrien og og forretningstenester og finanstenester er i stor grad styrte av reguleringar, standardar og produktregelverk frå EU. Her vil det vere behov for vidare forhandlingar dersom EØS-avtalen vert erstatta av ein annan avtale.

Spennande alternativ

Ann Ørjebu er leiar av ungdomsutvalet i Industri Energi. Ho synest dette alternativet til EØS er spennande.

– Industri Energi har ikkje

vedteke noko om EØS, men ungdomsutvalet vårt har vedteke at vi ønskjer å skrote avtalen, seier ho.

– Våre medlemmer kjem frå bransjar som står for 80 prosent av den norske eksporten. Europa kjenner oss som ein stabil leverandør, seier ho.

– Vi skal ikkje la oss skremme av skremslepropagandaen. Det er ikkje meir hald i skremslene i dag enn for 20–30 år sidan, seier ho.

– Eg trur vi vil klare oss utan EØS, men det krev ein iherdig innsats og gode forhandlarar frå vår side. Å seie opp EØS krev gode avtarar for industrien, og eg trur vi kan få god bruk for denne utgreiinga.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitleu.no

Medieblikk

Av Sindre Humberset

Den store spenninga før landsmøtet var kven som skulle ta over for **Paal Frisvold**, som i februar på ein dramatisk måte gjekk av som leiar. Medieblikk uttrykte i førre nummer stor sorg over at Frisvold skulle gå av, og vi frykta lenge at fungerande leiar **Nikolai Astrup** (bildet) skulle ta over. Astrup er ein svært dugeleg politiskar som alltid stiller og argumenterer for EU-medlemskap på ein sakleg og utmerka måte. Men diverre saknar han den unike evna til å skape gode Medieblikk-saker, som Paal Frisvold hadde. Må vi rett og slett **legge ned spalten?**



Vi vart letta då vi kunne lese at **europaforskar Jan Erik Grindheim** vart innstilt som ny leiar for Europabevegelsen. ABC Nyheter spurde 28. mai den påtroppande leiaren om ikkje dette blir **ein tøff jobb**, i lys av den økonomiske situasjonen og fallande medlemstal?



– Det er det jo. Det **kan bare gå en vei** – å bli bedre, svarar ein optimistisk Grindheim. Vi pessimistar veit derimot at ein situasjon aldri er så ille at det ikkje **kan verte endå verre**. Og i EU og Europabevegelsen har jo det vore trenden dei siste åra.

Jan Erik Grindheim underviser om europeisk integrasjon på NTNU. ABC Nyheter spør han om det er problematisk å vere **forskar og aktivist** på eitt og same område?

– Det er et godt spørsmål. Det er en stor utfordring. Det gjelder å **holde tunga rett i munnen**, seier Grindheim. Eit kikk i arkivet kan derimot tyde på at det å halde tunga rett i munnen ikkje kjem heilt lett for Grindheim. I 2008 vart Grindheim intervjuet av Dag og Tid. Han kommenterte mellom anna tal som viste at eit stort fleirtal av ungdommen ville røyste nei til EU.

– Tala fortel meg at **norsk ungdom er vorten nasjonalistisk**. Når eg talar til studentane på universitetet om EUs indre marknad og tanken om samarbeid over landegrensene, får eg stadig tilbagemeldingar som om eg var på **senioruniversitetet**: «Kva med kriminalitet og narkotika?», sa Grindheim til avisa 15. mai 2008.

– Ungdomen i dag er oppteken av **frykt, i staden for tru og håp**. Og tryggleik vert knytt til det nasjonale. Denne frykta for andre og trua på at Noreg er best til å sikra absolutt alt – frå



LANDSMØTE I STOR TILBAKEGANG:

Europabevegelsen legg ned fylkeslaga

Ein kriseråka ja-organisasjon må kutte i organisasjonen.

8.–9. juni har Europabevegelsen sitt landsmøte. Stadig dårlege meningsmålingar og hovudsponsor NHO som takkar for seg, gjer at organisasjonen no legg ned fylkesnivået.

– Vi vil være en mer aktivitetsbasert bevegelse, seier fungerande leiar Nikolai Astrup til NTB 7. mai. Det kan kome godt med for ein organisasjon som ikkje akkurat har vore prega av grasrotsaktivisme.

– Vi moderniserer organisasjonsstrukturen og går fra tre til to ledd. I stedet for å ha

en partistruktur med fylkeslag og lokallag, som er byråkratisk og lite framtdsrettet for en kunnskapsbank som det Europabevegelsen skal være, vil vi ha et sentralstyre og ulike europalag, seier han.

NHO kuttar støtta

I 2013 får ikkje Europabevegelsen støtte frå NHO lenger, etter å gått ned frå 2,5 millionar i 2011 og 1,75 millionar i 2012. Det samla budsjettet i 2012 var på 6,5 millionar. Medlemstalet har gått ned frå 5321 i 2010, til 3130 i 2012.

mattryggleik til å nedkjempa kriminalitet – er sterk hjå ungdommen, sa Grindheim. Nasjonen kan altså tilby tryggleik, men EU kan tydelegvis tilby tru og håp. Vi er samde i at EU ikkje kan tilby innbyggjarane mykje tryggleik. Og utviklinga sidan 2008 viser vel diverre at det er **lite av tru og håp** også.

Jan Erik Grindheim er altså like fritalende og open om meningane sine som sin forgjengar i leiarstolen. Det at dei begge også er **glødande føderalistar** gjer det heile ekstra interessant. Dag og Tid spurde han om EU-debatten er daut:

– Det skal vera sikkert. Men vi som trur på prosjektet, må berre halda fram med å argumentera. Både **EU-hymna og EU-flagget** er diverre tona ned i den nye Lisboa-traktaten, svarte han.

– Det syner at noko av det same som skjer i Noreg, skjer i EU. **EU er for feige** til å lyfta fram det store føderale prosjektet, slo Grindheim fast.

Og grunnen til det er vel at EU, på same måte som storparten av den norske ja-sida, forstår at det knapt finst EU-føderalistar utanfor Brussel. Grindheim held fram:

– EU-kommisjonen burde stått hardare på for å få medlemslanda til å akseptera at dei

ikkje lenger er nasjonalistar, men medlemsstatar i Unionen.

Enda meir gull frå dette fantastiske intervjuet med Grindheim i Dag og Tid i 2008. Han slår fast at EØS-avtalen var ein stor tabbe i den norske EU-politikken.

– Avtalen var meint å **lura Noreg inn bakvegen**, men har verka stikk motsett. Det var ein frekk manøver av Gro Harlem Brundtland. Likeins var trua på den nordiske dominteorien feil – «fyrst tek vi Finland, så Sverige og til slutt tvilaren Noreg». Ideen var god, men **mangelen på openheit** rundt det var forkasteleg, slo den nye ja-leiaren fast. Igjen, fabelaktig stoff, men korleis stiller Europabevegelsen seg til slike tankar? Vi vil minne om at Frisvold måtte gå etter å ha teke til orde for folkerøysting om EØS-avtalen.

Medieblikk er takksame for at Jan Erik Grindheim ikkje høyrde på sitt eige råd frå 2008: – **Vil du rå ein politiker i Noreg med ambisjonar til å verta leiar i Europabevegelsen?**

– Nei. Ingen norsk politiker med ambisjonar bør tala høgt om EU-medlemskap, var svaret. Medieblikk ønskjer Jan Erik Grindheim **velkomen som ny leiar** i Europabevegelsen!



Nei-alliansen

Kvar veke presenterer neitileu.no ein ny kommentar, skriven av ein person frå den utvida nei-alliansen. Her kan du jamvel finne kommentarar frå EU-tilhengarar som har noko meningsfullt å melde. I denne spalta kan du lese eit kort utdrag frå nokre av dei siste kommentarane. Les heile teksten på neitileu.no

Ukens skribent 22/2013:

Når Posten vil føra EU-politikk

Av Oddny Miljeteig, gruppeleiar for SV, bystyret i Bergen.

Posten gjekk eingong med post. Det finst heltesoger om postmenn som sette liv og helse på spel i snø og forrykande uver for å få posten fram. Men Posten er vorte aksjeselskap. Til barndomsheimegrenda mi kom varsel om at Posten ville slutta med postlevering frå årsskiftet. EUs fjerde postdirektiv er

ikkje norsk vedteken politikk. Saka om postlevering til Eikemogrenda viser at Posten oppfører seg som ein trojansk hest for EU-politikk. Men vonleg er ikkje siste ord sagt.



Ukens skribent 21/2013:

Vi er ikke i mål

Av Heidi Larsen, rådsmedlem i Nei til EU, aktiv i LO og i SV.

Nå er det vel ingen grunn til å være medlem av Nei til EU lengre, var det mange som sa etter folkeavstemminga den 28. november 1994. – Joda, selvfølgelig er det det, sa jeg. Norge er jo fortsatt medlem av EØS, og sånn kan det jo ikke være. Så da er spørsmålet, har den



kampen vi EØS-motstandere har kjørt gjennom alle disse åra nyttet? Mitt svar er et ubetinget ja. Vedtaket som ble gjort på LO-kongressen er veldig klart og tydelig, et vedtak om at norske tariffavtaler og norsk arbeidslivslovgiving skal ha forrang framfor EU-regler. Den jobben vi har gjort har nyttet, men vi er ikke i mål ennå. Jeg inviterer deg derfor til å bli med på laget!

Ukens skribent 20/2013:

Kjære Gerd!

Av Nina Skranefjell, styreleder i Norges Sosiale forum

I Aten i juni møtes fagforeninger og andre engasjerte fra Europa for å delta i et alternativt toppmøte, Alter Summit, for å samles om en ny politikk. Vi inviterer Gerd Kristiansen og resten av LO med! 7.–9. juni samles representanter fra fagorganisasjoner og sosiale bevegelser fra hele Europa seg i Aten under paraplyen Alter Summit. Der vil det lanseres en plattform

for et annet Europa. Vi vil ha mer demokratisk kontroll over samfunnet og verden vi lever i. Måten EU undergraver dette prinsippet bekymrer oss. Vi reiser derfor til Alter Summit-initiativet og oppfordrer LO til å slutte seg til.



Ukens skribent 19/2013:

EØS skal ikke diktere norsk arbeidsliv

Av Eldar Myhre, avtroppende leder av Fellesforbundet i Stavanger.

I januar i år gikk 480 framstående jurister og professorer i arbeidsrett



sjon innen EU med drastiske endringer av lovgivningen for arbeidslivet. Det fører til prekære ansettelsesforhold, til utrygghet, høy arbeidsløshet, økende fattigdom og sosial uro.

Vi må slutte å være blåøyde. Vi blir stadig vekk trukket inn i nye EU-vedtak som viser seg å bli langt mer omfattende enn forutsetningene. Manifestet peker på at det foregår en akselera-

PÅ NETT MED NEI TIL EU

WEB: neitileu.no (Nei til EUs nettsider) TWITTER: twitter.com/neitileu

FACEBOOK: facebook.com (Søk etter neitileu)



Regjeringa vil kjempe. Utanriksminister Espen Barth Eide slår fast at regjeringa prioriterer høgt å sikre at handhevingsdirektivet ikkje kjem i konflikt med dei norske tiltaka mot sosial dumping.

FOTO: ANNE GARVOLL

REGJERINGA STØTTAR LO-VEDTAK OM HANDHEVINGSDIREKTIVET:

Barth Eide lovar ikkamp

Dersom handhevingsdirektivet vert vedteke slik det ser ut no, vil fleire av dei norske tiltaka mot sosial dumping verte ulovlege.

Dersom handhevingsdirektivet vert vedteke slik det ser ut no, vil fleire av dei norske tiltaka mot sosial dumping verte ulovlege. Nettopp derfor vart handhevingsdirektivet eit tema på LO-kongressen i mai. Resultatet vart eit vedtak som stiller hardt mot hardt dersom direktivet går på tvers av dei norske tiltaka mot sosial dumping. LO vedtok at: «Dersom EUs handhevingsdirektiv krever fjerning av tiltak mot sosial dumping, må reservasjonsmuligheten benyttes».



Roar Eilertsen

Barth Eide deler LO si uro over handhevingsdirektivet.

– Vi arbeider nå aktivt for at håndhevelsesdirektivet ikke skal legge begrensninger på våre muligheter til å ha effektive og målrettede tiltak mot sosial dumping. Dette er en høyt prioritert sak for regjeringen, sa Eide til NTB 14. mai.

Ny De Facto-rapport

Bakgrunnen for at EU-kommisjonen har foreslått handhevingsdirektivet, er at dei ønskjer å stramme inn på korleis det allereie eksisterande utstasjoningsdirektivet vert praktisert. Roar Eilertsen frå kunnskapssenteret De Facto har utarbeidd ein rapport om direktivet.

– Handhevingsdirektivet, slik

framlegget ser ut no, vil setje sperer mot å kome med nye tiltak mot sosial dumping, seier Roar Eilertsen frå kunnskapssenteret De Facto, seier Roar Eilertsen.

– Sjølv EU-kommisjonen og arbeidsgjevarsida har eit ønskje om at det skal vere eit regulert arbeidsliv. Difor kjem dei med dette framlegget til eit handhevingsdirektiv. Men direktivframlegget er etter mi mening så dårleg at det er til å gråte av, seier Eilertsen.

– Direktivteksten slår fast at det ikkje er aktuelt å endre utstasjoningsdirektivet, og det slår fast at EU-reglane er maksimumsreglar, seier han. Det betyr at medlemslanda ikkje kan innføre strengare reglar enn det som står i direktivet.

– Det er bra at det kjem reglar for å regulere bruken av utstasjonering, men det er synd at framlegget er så dårleg som dette.

Noreg går lenger

Handhevingsdirektivet presenterer ei uttømmende liste over kva kontrolltiltak som kan brukast for å sikre at lover og reglar vert følgde i norsk arbeidsliv. Fleire av dei viktigaste tiltaka som norske styresmakter har innført dei siste årene står ikkje på denne lista og vil dermed ikkje verte godtekne av EU. Kampen mot sosial dumping i Noreg vil kunne verte sett kraftig tilbake om direktivet vert vedteke.

– Fleire av tiltaka mot sosial dumping er utanfor lista over

godkjende tiltak. Det gjeld krav til ID-kort, registreringsplikt for bemanningsføretak, godkjeningsordning for reinhaldsverksemder. Dei er innførte av den norske regjeringa, men vil stride mot handhevingsdirektivet, seier Eilertsen.

Direktivet opnar for krav til solidaransvar, men krava vil vere dårlegare enn det Noreg har innført.

– Det finst ikkje noko lov i Noreg som det vert brote så mykje mot som arbeidsmiljølova. Handhevingsdirektivet vil setje sperer mot å kome med nye tiltak mot sosial dumping, slår Eilertsen fast.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

FRITT FRAM FOR UTENLANDSKE VOGNTOG:

Kabotasjen kommer

Kabotasjekjøring vil si at en utenlandsk transportør kan kjøre frakt eller passasjerer mellom to punkt i Norge. Til nå har kabotasje vært ulovlig i Norge, men nye EU-regler gir frislipp.

EU utsetter liberaliseringen av kabotasje-reglene, men EU-kommisjonen er klar på at over tid skal nasjonale restriksjoner vekk.

– De nåværende kabotasje-restriksjonene er i strid med tanken om et felles europeisk indre marked, som garanterer alle innbyggerne rett til å arbeide, reise og handle fritt. Likevel finnes de på grunn av frykt for mulig utnyttning og sosial dumping, heter det i en pressemelding fra EUs transportkommissær Siim Kallas etter diskusjoner i ministerrådet og EU-parlamentet denne våren om EUs kabotasje-regler.

Ulovlig i Norge

Kabotasje er i utgangspunktet ikke tillatt i Norge, men transportører fra EU/EØS-området kan utføre kabotasje-kjøring på følgende vilkår:

■ Kabotasjen må utføres med samme kjøretøy som ble brukt for den internasjonale transporten inn i Norge.

■ Det kan utføres maksimalt tre kabotaseturer etter den internasjonale transporten.

■ Lossing etter den siste kabotaseturen skal finne sted innen syv dager etter at den internasjonale lasten ble levert.

LO krever restriktive regler

Samferdselspolitisk uttalelse fra LO-kongressen i mai slår fast at «Transportnæringen har omfattende problemer med sosial dumping både innen gods-transport og persontransport. Utenlandske transportører utfører lovlig og ulovlig kabotasje-kjøring der de utkonkurrerer norske aktører gjennom lave sjåførlønninger. Andelen utenlandske vogntog på norske veier øker.»

LO ønsker derfor et fremtidig restriktivt regelverk for kabotasje innen godstransport minst like strengt som i dag, og at det settes inn tilstrekkelig kontrollressurser fra myndighetenes side.

– Reglene vil endre seg

EU-kommisjonen ønsker en liberalisering av kabotasje-reglene. Begrunnelsen er å stimulere til økt konkurranse mellom de ulike landenes transportører, som kommisjonen mener vil bidra til økonomisk vekst. Både i EU-parlamentet og



Undergraver arbeidsplasser og sikkerhet. EU-kommisjonen ønsker en liberalisering av kabotasje-reglene, som vil fjerne restriksjoner mot at utenlandske vogntog fritt kan ta oppdrag i Norge. ARKIVFOTO

fra medlemsland har det kommet motforestillinger mot EU-kommisjonens ønske om å liberalisere regelverket allerede fra 2014. Ministerrådets diskusjon i mars viste at enkelte land, som Romania og Portugal, støttet videre liberalisering nå. Andre, herunder Danmark, mente man må sikre kontrollen av gjeldende bestemmelser blant annet med tanke på arbeidsvilkår før reglene eventuelt endres. En tredje gruppe land, blant dem Polen, Ungarn og Tyskland, ba kommisjonen legge frem en rapport om virkningene av dagens regelverk, før man fremmer forslag til ytterligere markedsåpning. Dette vil trolig bli prosessen videre.

– Det er klart at kabotasje-reglene vil endre seg på lang sikt, men det skal gjøres skikkelig og i samråd med alle interessenter, heter det i EU-kommisjonens pressemelding. Det signaliseres at nye regler ikke kommer før i neste kommisjonsperiode, som starter i 2015.

Kløft i lønn og arbeidsvilkår

Det har vært en markant økning i kabotasje-kjøringen. De tolv nyeste medlemslandene i EU har gått fra en andel på 12 prosent i 2007 til 40 prosent i 2011. Ikke bare er det en kløft mellom de vest- og de øst-europeiske landene når det gjelder lønnsnivå og arbeidsvilkår. Vilkårene i vest (EU-15) har blitt dårligere som følge av liberaliseringen og EU-utvidelsene. Den europeiske transportarbeiderføderasjonen er motstander av videre

Bok

vett

EU-KONTROLL
Skal Brussel styre norsk veitransport, luftfart og jernbane?

Morten Harper (red.):
EU-kontroll. Skal Brussel styre norsk veitransport, luftfart og jernbane?
Kr 50,-. Medlemmer kan få Vett gratis som istikk i Standpunkt

deregulering.

Kabotasje-kjøringen er også en trussel mot bærekraftig godstransport. Både i Norge og EU er det et mål at en større andel av den fremtidige godstransporten skal overføres fra vei til sjø og bane. Fortsatt økt kabotasje-kjøring betyr at sjø og bane ikke klarer å konkurrere med veitransporten.

Av Morten Harper
Utredningsleder i Nei til EU

Sommel gir EU-bot

■ Sverige må betale 25 millioner kroner i bot for å samle med å innføre EUs datalagringsdirektiv, skriv SVT.se 30. mai. – Vi har handert dette så godt som vi kunne. Det har vore vanskelege avvegingar som vi trengde tid for å diskutere og analysere, seier den svenske justisministeren Beatrice Ask (biletet). Direktivet skulle innføres alt i 2007, men Sverige



innførte direktivet først i 2012, etter at EU-domstolen i 2010 slo fast at direktivet måtte implementerast.

Domstolen godtok ikkje argumenta om at regjeringa ønskte å verne om privatlivet, og at debatten i Sverige har vore intens.

– EU på konkursens rand

■ Den tyske energikommisssæren Günther Oettinger brukte uvanleg klar tale for EU-kommisssærar på eit møte i Brussel, i følgje europaportalen.se 29. mai. Han kritiserte Brussel for å ikkje tilstrekkeleg innsjå den verkeleg dårlege tilstanden unionen er i.

– Eg uroar meg for at altfor mange i Europa no fortida trur at alt kjem til å verte bra. Eg uroar meg for land som i grunnen knapt

er regjerlege, som Bulgaria, Romania og Italia, sa kommisssæren. Han skulda vidare den britiske statsministeren David Cameron for å regjere med ei «engelsk tea-party-rørsle» og Frankrike for å vere heilt ubudde når det gjeld økonomien i landet.



Valgmøte i Vestfold

■ Vestfold Nei til EU arrangerer valgmøte tirsdag den 27. august 2013 med tema: «EU/EØS og stortingsvalget». Møtet vil finne sted kl. 18.30 i Tønsberg i den nye kafeen på Vestfoldmuseet, Kastellkafeen, Farmannsvn. 30. Alle fylkespartiene i Vestfold er invitert til møtet og i skrivende stund har Lars Egeland, stortingsrepresentant fra SV og Kathrine

Kleveland, stortingskandidat for Sp, samt Daniel Hesby Hansen fra Rødt, bekreftet at de kommer. Styret i Vestfold Nei til EU ønsker å arrangere dette valgmøte forut for stortingsvalget, for sette fokus på spørsmålene rundt EØS-avtalen og Norges forhold til EU. Det blir oppdatert omtale av møtet på fylkeslagets hjemmesider www.neitileu.no/vestfold

34 13 **vardøger**

Europas krise – krisas Europa

Tidsskriftet Vardøger 34 behandler krisa i EU grundigere enn noe annet norsk tidsskrift: Krisas økonomiske årsaker og forløp, «Europaideologiens» krise, de styrende klasse-motsetninger og fagbevegelsen rolle, hvilken rolle økonomisk vitenskap og de EU-intellektuelle spiller, «Europautredningen». Forfattere: Dag og Ståle Seierstad, Asbjørn Wahl, Tor Halvorsen, Ingrid Hjertaker, Hans Ebbing, Jan Mønnesland, Roy Pedersen, Tony Johansson, Rune Skarstein. Red.: Tor Halvorsen og Hans Ebbing. Heftet er tilegnet Dag Seierstad for hans enestående arbeid i folkeopplysningens tjeneste om EU-prosessen.

Kjøpes hos Tronsmo Bokhandel, Oslo, eller hos www.vardoger.no. Løssalg kr. 200,-, i abonnement kr. 170, + porto. Utkommer med ett hefte i året.



Arbeiderpartiets leder Jens Stoltenberg

Foto: Arbeiderpartiet

Arbeiderpartiet mener at «EØS-avtalen er Norges viktigste internasjonale avtale og gir norsk næringsliv tilgang til et stort eksportmarked. [...] Arbeiderpartiet mener dette er viktig for å ivareta norske interesser, økonomisk og sikkerhetspolitisk. [...] Arbeiderpartiet har ikke endret syn på at medlemskap i EU ville være en fordel for Norge. Samtidig er Arbeiderpartiet et parti hvor det er rom for ulike syn i EU-spørsmålet. Vi mener at Norge må ha handlefrihet til å vurdere om det igjen skal søkes medlemskap i EU, basert på en stabil tilslutning i folket». Arbeiderpartiet mener også at en EU-søknad bør behandles på samme måte som tidligere, de vil videre føre en aktiv Europapolitikk, stimulere til Europadebatt og utnytte handlingsrommet i EØS for å ivareta arbeidstakerrettigheter.



SVs leder Audun Lysbakken

Foto: SV

SV sier nei til norsk EU-medlemskap og vil at «Norge innleder forhandlinger med EU om en mindre omfattende handels- og samarbeidsavtale som erstatter dagens EØS-avtale. Å sikre at EØS ikke kan overprøve tariffavtaler, at lovgivningen for arbeidslivet ikke kan svekkes av EU og at EU-regler ikke kan sette til side ILO-konvensjoner Norge har forpliktet seg til å følge». SV ønsker at «Norge aktivt benytter reservasjonsretten i EØS» og ønsker videre en «grundig evaluering av Schengen-avtalen, og en utredning om alternativer til avtalen» og vil ha en «vridning av norsk matimport bort fra EU over til land i sør». SV mener Norge «må være med å bidra til å løse krisen i Europa, også gjennom lån til kriserammede land. [...] SV ønsker ikke at Norge bidrar til EUs nordiske kampgruppe.»



Rødts leder Bjørnar Moxnes

Foto: Eivind Formoe

Rødt arbeider blant annet for: «At Norge ikke blir medlem av EU. Å få sagt opp EØS-avtalen. At Norge aktivt skal bruke reservasjonsretten i EØS-avtalen. Å forsvare faglige rettigheter mot angrep med bakgrunn i EU-vedtak. Å hindre norsk tilknytning til euroen. Å hindre norsk tilknytning til EUs utenriks-, sikkerhets- og forsvarspolitik. Å si opp Schengenavtalen. Å forsvare faglige rettigheter mot angrep med bakgrunn i EU-direktiver, som vikarbyrådirektivet og tjenstedirektivet.» Partiet arbeider videre for at «inntil EØS-avtalen er sagt opp, må Norge kreve unntak for hele energisektoren», og å «lage nye ikke-diskriminerende regler for arbeidsinnvandring som også motvirker sosial dumping. Å melde Norge ut av EØS vil være det viktigste for å få til dette.»



Senterpartiets leder Liv Signe Navarsete

Foto: John Øyslebø

Senterpartiet sier som ventet nei til norsk EU-medlemskap, og ønsker å «erstatte EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtaler med EU». Videre vil partiet «at det norske folket selv skal påvirke avgjørelsen om Norge skal være medlem i EØS, og ha et framtidig mål om en folkeavstemning om Norges EØS-medlemskap». Inntil det har skjedd, vil partiet bruke reservasjonsretten i EØS-avtalen mer aktivt, og konsekvent avvise regelverk som ikke er EØS-relevant. Videre vil de jobbe aktivt for å melde Norge ut av Schengen-avtalen, og de ønsker «at Norge prioriterer en nordisk styrke i FN-regi framfor deltagelse i den nordiske militære innsatsgruppa til EU». Partiet mener også at eksport av velferdsordninger til EØS-området representerer en utfordring for de norske velferdssystemene.



Kristelig Folkepartis leder Knut Arild Hareide

Foto: Marianne Granheim Trøfflat

KrF hegner om EØS og åpner for et EØS+. KrF mener at «de nåværende tilknytningsformer til EU fremdeles tjener landet vårt best. Det vil imidlertid være viktig for Norge å følge aktivt opp nye samarbeidsinitiativ i EU i tråd med norske interesser og prioriteringer.» Videre heter det: «EØS-avtalen innebærer imidlertid også demokratiske utfordringer ved at det tas beslutninger i EU som Norge i liten grad har mulighet til å delta i. [...] Vi må utnytte det handlingsrommet vi har og våge å bruke vår uavhengige stemme. Reservasjonsretten i EØS må kunne benyttes aktivt i særlige viktige spørsmål.» KrF vil også stimulere til at «import av landbruksvarer fra EU erstattes med import fra fattige land».

Direktivflaum med borgarleg regjering? Stø EØS-kurs med

STANDPUNKT HAR GÅTT GJENNOM PARTIPROGRAMMA FØR STORTINGSVALET 2013:

Stor skilnad i EU-saker ved regj

I dette nummeret av Standpunkt går vi gjennom partia sine vedtekne stortingsvalprogram, og ser på korleis dei stiller seg til viktige EU- og EØS-spørsmål.

Vi vurderer aktuelle EØS-direktiv, og korleis ulike regjeringsalternativ vil kunne slå ut for dei viktigaste EU- og EØS-sakene.

Nokre hovudpoeng

Oppsummeringa av partiprogramma gjer det mogleg å drage nokre konklusjonar:

■ Venstre har vorte eit «tja»-

parti etter at ja- og nei-sida kom til eit kompromiss på landsmøtet.

■ FrP ønskjer å reforhandle EØS-avtalen og vil fortløpande vurdere Schengen-medlemskapet.

■ Senterpartiet ønskjer folkerøysting om EØS-avtalen og utmelding av Schengen-avtalen.

■ Arbeidarpartiet ønskjer å bruke handlingsrommet i EØS-avtalen aktivt for å ivareta arbeidstakarane sine rettar.

Regjeringsalternativa

Kva tyder så dei vedtekne partiprogramma for EU- og EØS-debatten etter stortingsvalet?

Kva vil dei ulike regjeringsalternativa gjere?

EU-krisa og den store EU-motstanden i folket har gjort det heilt klart at det ikkje finst noko regjeringsalternativ som ser for seg ein EU-søknad i komande periode. Ingen av dei raudgrøne partia, dei borgarlege partia eller dei tre partia som ikkje er på Stortinget går inn for EU-søknad i komande periode.

Den nye EØS-debatten dei siste åra har flytta standpunkta til fleire av partia, noko som kan få store konsekvensar for politikken som vert ført etter valet, men ingen av dei aktuelle regjeringsalternativa vil

gå inn for å seie opp EØS-avtalen. På raudgrøn side er både SV og Senterpartiet klare EØS-motstandarar, men Arbeidarpartiet er like klare for. Det vil altså vere duka for fleire dragkampar om aktuelle EØS-saker, men Arbeidarpartiet har også gjort det klart at dei ønskjer å utnytte handlingsrommet i EØS for å ivareta arbeidstakarrettar. Kva det tyder vil berre praksisen vise.

Dei borgarlege partia er alle tilhengarar av EØS, men FrP skil seg frå dei andre ved å ville reforhandle avtalen for å hindre eksport av velferdsordningar. KrF vil utnytte handlingsrommet

og opnar for bruk av reservasjonsretten. Høgre og Venstre har svært små ambisjonar og vil avgrense seg til ein «aktiv Europapolitikk».

Det er fleire parti som no har teke stilling til Schengen-avtalen. Frp ønskjer å vurdere om Noreg er tent med avtalen. Senterpartiet vil jobbe aktivt for å melde Noreg ut av Schengen-avtalen og SV ønskjer ei grundig evaluering og ei utgreiing av alternativ til avtalen. Raudt og Kystpartiet er mot Schengen. Dei største partia i kvar blokk ser ikkje ut til å ville gjere noko med avtalen.



**Venstres leder
Trine Skei Grande**

Foto: Venstre

Venstres programutkast hadde to alternativer om EU-medlemskap. Det ene alternativet gikk inn for EU-medlemskap på lang sikt, og det andre ville videreutvikle vår relasjon til EU gjennom EØS. Landsmøtet endte på at «Venstre er grunnleggende positiv til et sterkt europeisk samarbeid. Norsk europapolitikk utøves i dag gjennom EØS-avtalen, Schengen-avtalen og øvrige avtaler med EU. [...] EU er Norges viktigste handelspartner, og en sterkere integrasjon mot EU vil være positivt for norsk og europeisk næringsliv, handel og utvikling». De mener videre at «Hvis spørsmålet om EU-medlemskap blir aktualisert, kan det kun avgjøres av Stortinget etter en ny folkeavstemning. En eventuell ferdig forhandlet avtale må derfor legges frem for det norske folk til avstemning». Venstre vil føre en aktiv Europapolitikk.



**Høyres leder
Erna Solberg**

Foto: Høyre

Det mest påfallende med Høyres program er hvor lite som står om EU/EØS. De slår fast at: «Tilgang til EUs indre marked gjennom EØS-avtalen er en viktig forutsetning for å sikre velferden i det norske samfunnet. Det norske samfunnet formes av beslutninger tatt i et politisk system der norske velgere ikke er representert. Dette er et demokratisk problem. Høyre ønsker derfor i lengden å erstatte EØS-avtalen med full deltakelse i EU. Norges sikkerhetspolitiske behov ivaretas i stor grad gjennom NATO, men et norsk medlemskap i EU vil ytterligere kunne styrke Norges sikkerhet på sikt. [...] Spørsmålet om medlemskap i EU skal avgjøres ved folkeavstemning. Så lenge Norge ikke er medlem, vil Høyre prioritere en mer aktiv europapolitikk.» Videre vil partiet: «prioritere tilstedeværelse i EU-sammenhenger».



**Fremskrittspartiets leder
Siv Jensen**

Foto: Frp

«EØS-avtalen sikrer norsk adgang til EU's indre marked, og er av vital betydning for norsk næringsliv. [...] FrP vil arbeide for å forbedre EØS-avtalen med sikte på å sikre norske interesser. Avtalen må på enkelte områder tolkes strengere og om nødvendig reforhandles. Spesielt gjelder dette på områder knyttet til eksport av/tilgang til norske velferdsytelser», heter det i programmet. Fremskrittspartiet «mener derfor det er behov for å reforhandle EØS-avtalens bestemmelser knyttet til arbeids- og velferdsordninger». Partiet vil «respektere folkets syn i en eventuell folkeavstemning om norsk EU-medlemskap», fjerne «særnorske regler som blant annet forbyr innførsel av produkter som er lovlige i EU», og vurdere «fortløpende om Norge er tjent med fortsatt medlemskap i Schengen».



**Miljøpartiet De Grønnes nasjonale talskvinne
Hanna E. Marcussen**

Foto: Monica Løvdahl

Miljøpartiet vil «Samarbeide med grønne partier i Europa for å tilpasse EØS-avtalen og tilhørende EU-strukturer prinsippene for en grønn økonomi. Samtidig må Norge markere motstand mot EU-regler som svekker handlingsrommet for grønn politikk». De ønsker at andelen fornybar energi i Norge skal økes for å oppfylle EUs fornybardirektiv, og er bekymret for at internasjonale avtaler overfører makt til organer som EU-domstolen. De Grønne vil arbeide «for å oppheve Norges tilslutning til EUs datalagringsdirektiv», og vil samarbeide med partier i Europa om å utvikle en human flyktning- og innvandringspolitikk. «En restriktiv norsk politikk vil øke presset på andre europeiske land, legge til rette for økt illegal innvandring og bidra til menneskelige tragedier [...] ved EU/EØS-området yttergrenser».



**Kystpartiets leder
Bengt S. Johansen**

Foto: Kystpartiet

«Kystpartiet er imot norsk medlemskap i EU og EØS og er motstander av Schengen-avtalen. Norge bør basere sitt forhold til EU på en handelsavtale som gir oss mulighet til å sikre nasjonal kontroll over arbeidsmarked, naturressurser og nøkkelbedrifter. Grensekontrollen gjeninnføres mot EU,» heter det i programmet. «Norsk arbeidsliv bør ikke baseres på import av utenlandsk arbeidskraft. I dag er EØS-avtalen et viktig hinder i kampen mot sosial dumping. Norske lønnsavtaler og arbeidsmiljø trues. Norge bør si opp EØS-avtalen og gjeninnføre innvandringsstoppen overfor EU-borgere. [...] Den største trusselen mot vanlige folks trygghet er den frie flyten av kriminelle og terrorister over landegrensene. Norge bør melde seg ut av Schengen [...] Kriminelle utlendinger bør utvises fra Norge.»

raudgrøn regjering? Les partigjennomgangen vår!

Regjeringsskifte

Borgarleg direktivflaum

Ingen dei borgarlege partia uttrykkjer i programma sine noko uro over konsekvensane for arbeidslivet av EØS-avtalen. Det er difor liten grunn til å vente at ei borgarleg regjering vil motsette seg nokon av dei problematiske EØS-direktiva og andre reguleringane innanfor arbeidslivsområdet som er venta framover, som jernbanepakke 4 og EUs handhevingsdirektiv.

I tillegg vil ei ny regjering etter valet overta prosessen med bruk av reservasjonsretten mot EUs postdirektiv. Ingen av dei borgarlege partia ønskte å bruke reservasjonsretten mot

postdirektivet, så det er grunn til å tru at dei stoggar prosessen og innfører direktivet så snart som råd etter valet. Innføring av EUs tredje postdirektiv kan altså verte den første konsekvensen av eit eventuelt regjeringsskifte.

Husstandsutdeling

I valkampen vil Nei til EU dele ut 19 fylkesvise utgåver av Standpunkt til bortimot alle husstandar i landet. I dei kan du lese om partia sine program og kandidatane sine EU-standpunkt. I dei 19 valkampa-visene vil vi presentere svar frå stortingskandidatane i kvart enkelt fylke på eit utval sentrale

EU- og EØS-spørsmål vi har stilt dei. Sjå også eiga undersak om kandidatutspørjinga. I tillegg til kandidatsvara vil vi presentere partia sine standpunkt og gje informasjon om kvifor nettopp desse spørsmåla er sentrale i EU- og EØS-debatten framover.

Aktivistar frå Nei til EU og samarbeidsorganisasjonane vil dele ut godt over ein million aviser i postkassene rundt i landet. På den måten ønskjer Nei til EU å sørge for at veljarane har eit godt nok grunnlag til å velje mellom parti og kandidatar.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

Nei til EUs kandidatundersøkelse 2013


Foran stortingsvalget har Nei til EU bedt partienes øverste listekandidater svare på seks sentrale spørsmål angående Norges forhold til EU. Svarene vil bli samlet i en søkbar internettdatabase og gjengitt i valgavisen Standpunkt (fylkesvise utgaver med husstandsutdeling) som utgis i starten august. Vi mener dette er viktige spørsmål som mange velgere vil ha interesse av.

SPØRSMÅLENE:

1. Mener du at Norge skal bli medlem av EU?
2. Det ligger et forslag til behandling i Stortinget om å endre Grunnlovens § 93. Dette skal gjøre det enklere å melde Norge inn i EU. Forslaget

- innebærer at Stortinget med 2/3-flertall, etter en rådgivende folkeavstemning, kan melde Norge inn i EU. I dag er kravet 3/4-flertall. Støtter du en slik endring av Grunnloven?
3. Vil du foretrekke EØS-avtalen dersom alternativet er EU-medlemskap?
 4. Vil du foretrekke EØS dersom alternativet er en bilateral handelsavtale?
 5. Mener du at reservasjonsretten i EØS bør brukes mot en Jernbanepakke IV som vil pålegge Norge å konkurransetsette persontrafikken?
 6. Bør Norge benytte reservasjonsretten i EØS mer aktivt?

Publikasjoner fra Nei til EU

**EØS-avtalen i bevegelse - 225,- (medlemspris)**

Nei til EUs årbok 2013 tar debatten om hva slags avtaleforhold Norge skal ha med EU.

Bidragstyttere som Audun Lysbakken, Liv Signe Navarsete, Knut Arild Hareide, Helga Pedersen, Jan Davidsen og Merete Furuberg diskuterer: Hva er mulig og umulig innenfor EØS? Kan og bør arbeidslivet tas ut av EØS-avtalen? Trenger vi EØS-avtalen for å få solgt varene våre? Boken inneholder også en gjennomgang av kommende EØS-saker og Dag Seierstads årskavalkade. 128 sider.

**EU-kontroll - 50,-**

Skal Brussel styre norsk veitransport, luftfart og jernbane? Vi kjenner godt EU-kontrollen for personbiler. EU tar også styring på mange andre transportområder. Nei til EUs skriftserie VETT nr 2 2013 har alt man bør vite om EU-kommisjonens forslag til Jernbanepakke IV, problemene med kabotasjekjøring og hvordan EU vil frata flypassasjerene rettigheter. 64 sider.

**Tull om toll - 50,-**

Trenger vi egentlig EØS-avtalen for å selge varer og tjenester til EU? Nei til EUs skriftserie VETT nr. 1 2013 gir svarene. Faktum er at handelen har gått fritt mellom Norge og EU lenge før EØS-avtalen. Gjennomgang av hvordan frihandelsavtalen og WTO sikrer markedsadgang. 10 grunner til at EU vil ønske en ny tosidig handelsavtale med Norge. Oppdatert statistikk for Norges handel med EU. 64 sider.

**Myter og fakta om EU og EØS**

Løpesedler som svarer på ja-sidens luftige påstander. Nummer fire tar hull på mytene om at vi trenger EØS for å få solgt varene våre til EU. Nummer fem tilbakeviser påstanden om at Norge er 3/4 medlem i EU. Perfekt å gi til tvilere og ja-folk.

Ferske faktaark

- 5-2013:** Frihandelsforbundet EFTA
- 4-2013:** EUs pasientrettighetsdirektiv
- 3-2013:** Farlig smitte fra kjæledyr
- 2-2013:** Jernbanepakke 4

Aktuelle arbeidsnotat

- 4-2013:** Partienes standpunkt til EU-saker
- 3-2013:** Høyre og EU-saken
- 2-2013:** Pasientrettighetsdirektivet



Av Ivar Hellesnes
Veterinær, Trondheim

EØS-REGELVERKET GJØR OSS MER SÅRBARE:

Hestekjøtt og gatehunder

En svindel uten sidestykke i EUs historie? Eller noe som stadig skjer uten at noen finner ut av det?

Vi får aldri vite, men sikkert er det at historien om hestekjøttet fra Romania som hadde så mange forgreininger har opprørt forbrukere og myndigheter i hele Europa.

I en kronikk i Dagsavisen 26.2. mener Arne Dulsrud og Unni Kjærnes at de har funnet kjernen i problemet – det grunnleggende prinsippet i all handel innen EU/EØS – vi er overlatt til å stole på handelsdokumentene som følger en vare. Og virksomhetenes internkontroll er grunnlaget. Svindles det her, vil sporbarhetskravet opp- og nedover i varens gang mellom virksomheter være til liten hjelp.

Kunne stoppe smitte

Tidligere veterinærdirektør, Olav Sandvik (1925–2010) gjorde seg noen tanker om dette. Han var veterinærdirektør mens vi fortsatt hadde «innførselsplakaten» som knesatte et forbud mot all innførsel av levende dyr og andre mulig smitteleførende varer til Norge. Dette gjorde det mulig for Sandvik å si nei til innførsel av utstrekkelig varmebehandla kjøttbeinmjøl fra Storbritannia på midten av 80-tallet. Dermed unngikk Norge kugalskapen, BSE, og den fryktete Creutzfeldt-Jakobs sjukdom. Svamphejra. Attester og dokumenter fra ansvarlige styresmakter i England var villedende.

Sandvik har også nevnt flere slike episoder med attester som, om de ikke var falske så iallfall misvisende. Vi fikk maedi, en snikende lungelidelse, fra importsauer fra Belgia via Danmark. Det tok flere tiår å bli kvitt den. Videre må furunkulosen som herjet laksenæringa på 80-tallet nevnes. Attester viste frihet fra smittestoffet mens utviklinga i laksemerdene viste noe annet. Det ble utslakting og destruksjon av en serie lokaliteter til en kostnad av titalls millioner kroner. Og Sandvik sier: «Slike erfaringer lærte meg at attester for dyrs og animalske produkters opprinnelse ofte er verdiløse.»

Import av gatehunder

I disse dager er det et annet saksområde enn hestekjøttskandalen som må få vår oppmerksomhet når det gjelder attesters troverdighet, nemlig den store og økende innførsel



Import av smittefarlige hunder. Det er trolig importert flere tusen gatehunder fra Sør-Europa til Norge etter at EØS-regelverket ble oppmyket i 2005.

FOTO: HIGHFLIER/Flickr

len av kjæledyr, især hunder fra sørlige land. Det skal finnes titusenvise gatehunder i Sør-Europas storbyer. Godt hjulpet av velmenende personer her i landet er det trolig importert flere tusen slike hunder hit. Man betaler for å «adoptere» hundene til et bedre hjem. Det virker som man ikke i det hele tatt tar hensyn til hva slags smittestoff det er i opphavslandet og hva det burde medføre av forsiktighet ved import hit.

Dette skjer delvis fordi man fra EU/EØS-side har minimalisert de sjukdomsforebyggende kravene ved reise med kjæledyr over landegrensene. Hovedregelen er en forordning fra 2005 som gjelder «ikke-kommersiell forflytning» av hund, katt og ilder. Kravene på smitteområdet i dette regelverket gjelder bare to av de mange smittestoff som kan spres via hunder. (Les mer på www.vetinst.no.) Bare for hundegalskap (rabies) og revens dvergbandelorm stilles det krav. Begge er svært alvorlige smittestoff som kan smitte mange arter, også menneske.

Rabies skyldes et virus som vandrer langs nervebanene og gir en sikker død dersom man ikke umiddelbart blir behandla med serum. Det meste av Europa har smitten, bare få, nordlige land er unntatt. Ved undersøkelse av importerte gatehunder har Veterinærinstituttet vist at mange har utstrekkelig mengde antistoff i blodet. Enten er hundene ikke vaksinert eller så har vaksinen ikke slått an.

Revens bandelorm er egentlig lett å bli kvitt dersom man behandler hundene både før og etter utenlandsopphold. Mengden hunder som reiser ut og inn er imidlertid meget stor, og vi vet at ikke alle får nødvendig behandling. Så dersom vi får

samme utvikling som Sverige, vil denne parasitten om kort tid også dukke opp i norske rever, smittet, som i Sverige, av innførte hunder. Har vi den først innen revebestanden er den ikke mulig å utrydde. For folk i Mellom-Europa, især Sveits, har forekomst av denne parasitten hatt stor betydning for deres høsting i naturen.

Nytt EØS-regelverk

Hittil har vi i vår forskrift en bestemmelse om at alle dyr som passerer inn over grensa skal «gå på rødt». Det betyr at man må vise dyret og dokumentasjonen for tollerne. Finner de noe uregelmessig, skal Mattilsynets folk tilkalle for grundigere sjekk. Dessverre er det ikke mange steder ved våre grenser vi har slik tollkontroll, så nettet er grovmasket og mange passerer nok uten kontroll.

Men nå kan til og med det endres. En ny forordning er under behandling i EU, en forordning som Norge vil bli bedt om å ta inn i EØS-avtalen. Den inneholder en setning som presiserer vilke kontrolltiltak medlemslandene har rett til å sette i verk: «targeted or random documentary and identity checks». Så spør det hvordan man tolker ordet targeted (målrettet). Dersom det kan bety kontroll av alt som krysser grensa, kan Norge stramme til og være strenge på at alle krav er oppfylt. Dersom man tolker ordet som «stikkprøver», vil det bare være et fåtall som vil bli sjekket og vi vil stå svakt i arbeidet med å hindre at folk og fe og fauna blir tilført nye, farlige smittestoff.

Det er underlig at gatehund-saken ikke har fått mer oppmerksomhet her i landet. Hvorfor er Veterinærforeninga og Kennelklubben så tyste?



Dårlegare tilbod. – Auka konkurranseutsetting gjev ikkje svar på dagens utfordringar innan jernbane, seier Amanda Eldnes i Norsk Jernbaneforbund. Eit regjeringskifte til hausten vil opne opp for meir privatisering på jernbana.

FOTO: SINDRE HUMBERSET

JERNBANEPRIVATISERING MED BLÅ REGJERING:

Seier ja til EUs jernbanepakke

Frp og Høyre vil seie ja til EUs jernbanepakke 4. LO og dei raudgrøne partia vil stoppe privatiseringsplanen.

Framlegget frå EU-kommisjonen vert kalla jernbanepakke 4, og vil konkurranseutsetje heile jernbanesektoren.

– Ingen av de borgerlige partiene har noen problemer med dette direktivet. En borgerlig regjering vil ikke stoppe det, seier Bård Hoksrud frå Framskrittspartiet til NTB 29. mai.

Han er sikker på at eit regjeringskifte vil gje sterkare konkurranse på jernbana. Han opnar også for å selje NSB og Flytoget.

– Framskrittspartiet går inn for å selge statens eierandeler dersom prisen er riktig, men jeg tror nok dette er noe som først vil skje etter hvert, seier Hoksrud.

Ingjerd Schou, som er jernbanepolitisk talskvinne i Høyre, stadfestar at ei borgarleg regjering vil privatisere store deler av jernbana.

– Ja, vi vil fortsette suksessen fra Gjøvikbanen, som ble konkurranseutsatt sist gang Høyre satt i regjering, fra 2001 til 2005, seier Schou til BT 30. mai.

Også KRF støttar EUs jernbanepakke og ønskjer meir konkurranse.

– Vi vil ha større konkurranse på jernbanen, ikke bare innen godstransport, men også for persontrafikk. Så der er vi enige, seier KrF-leiar Knut Arild Ha-reide til NTB.

Raudgrøne seier nei

SV, Senterpartiet og Arbeiderpartiet vil seie nei til EUs jernbanepakke 4. Det varslar dei i merknadene sine til Nasjonal Transportplan.

– Det kan fort bli sånn at private tar over de lønnsomme strekningene, mens de mindre lønnsomme kommer under press. Erfaringene fra England og New Zealand med privatisering av jernbanen er svært dårlige, og jeg frykter hva som vil skje med NSB og Flytoget dersom de borgerlige vinner valget, seier SVs Hallgeir Langeland til NTB.

Organisasjonane mot Norsk Jernbaneforbund og

Norsk Lokomotivmannsforbund åtvarar mot framlegget, som dei meiner kan føre til at Noreg ikkje lenger kan bestemme over si nasjonale jernbane. Meir konkurranse på persontog kan føre til auka press på ein skinnegang som allereie har plassproblem. I tillegg vert det vanskelegare å få god korrespondanse mellom ulike avgangar.

– Dersom jernbanepakke 4 vert vedteken, vil det vere eit svært stort inngrep i retten som den enkelte stat har til å organisere sin eigen kollektivtrafikk tilpassa nasjonale tilhøve, seier Amanda Eldnes, leiar i ungdomsutvalet til Norsk Jernbaneforbund.

Ho får følge av Rolf Jørgensen, leiar i Norsk Lokomotivmannsforbund.

– Jernbanepakke 4 kan føre til ei massiv overføring frå det offentlege til private, seier Rolf Jørgensen.

Dyrare og dårlegare Det er på dei mest lønsame ru-

tene det er aktuelt med konkurranse. Sjølv om det gjev eit større utval på nokre strekningar, er organisasjonane for dei jernbanetilsette uroa for at det samla tilbodet vil verte svekka. Kollektivtilbodet vert meir oppstykkja og resultatet kan verte dårlegare korrespondanse og meir ventetid for passasjerane.

– Auka konkurranseutsetting gjev ikkje svar på dagens utfordringar innan jernbane. Det er kun ei samordna og planmessig drift av jernbanesystemet som heilskap som kan gje ei god løysing. Å opne for meir konkurranse på ein underdimensjonert og delvis utsliten jernbane vil ikkje gje eit betre tilbod, seier Amanda Eldnes.

– Private aktørar kan setje opp tog i direkte konkurranse med tog under offentlege kjøp, til dømes i rushtida. Det gjer det mogleg å ta ut forteneste der det er stor trafikk, noko som gjer det naudsynt for staten å auke tilskota til dei offentlege kjøpa.

I godstrafikken og i passasjertrafikken mellom landa er det i

dag fri konkurranse. Men landa har framleis høve til å styre den innanlandske persontrafikken. Noreg og fleire EU-land ønskjer å halde fram med å la det nasjonale jernbaneselskapet få drive heile den innanlandske persontrafikken utan konkurranse.

Kritiske til privatisering

Samanliknar ein erfaringane frå andre europeiske land, er det ikkje dei landa som har konkurranse som har den beste kollektivtransporten. Tvert imot er jernbana i Sveits rekna som den beste i Europa, trass i at både skinner og tog vert drive av det same statseigde selskapet.

– EU-kommisjonen brukar to land som døme på fordelane med konkurranseutsetjing, og det er Storbritannia og Sverige. Det er nettopp dei landa vi brukar som døme på kor dårleg det kan gå når jernbanen vert privatisert, seier Rolf Jørgensen.

Av Sindre Humberset sindre.humberset@neitileu.no



„ Det som sameinar EU-borgarane i dag, er dei euroskeptiske haldningane som har vorte tydelegare i alle medlemslanda gjennom krisa.

Europeisk superstat. Det som trengst i første omgang, er ei fast avgjerd om å utvide den europeiske valutaunionen til ein politisk union», heiter det i ein oppsiktsvekkjande artikkel av Jürgen Habermas.

FOTO: WIKIMEDIA COMMONS

LØYSINGA PÅ EURO-KRISA:

Vil ha politisk union

«Krisa i Europa krev at EUs valutaunion vert utvida til ein reell politisk union», skriv Jürgen Habermas. Kaj Skagen svarar at «ingen vil ha ein slik superstat i Europa, bortsett frå nokre få politiske og intellektuelle elitistar».

I ein artikkel i Dag og Tid 31. mai kjem den vidgjetne den tyske filosofen og sosiologen med sitt svar på EU- og euro-krisa. Han er presis og treffsikker i analysen av problema, men løysingane er oppsiktsvekkjande.

«Det som sameinar EU-borgarane i dag, er dei euroskeptiske haldningane som har vorte tydelegare i alle medlemslanda gjennom krisa, sjølv om grunnane er ulike og temmeleg motstridande dei einskilde landa imellom», heiter det i artikkelen.

«Den europeiske unionen er til fordi energiske politiske elitar har kunna rekne med den passive semja til meir eller mindre likegyldige folk så lenge dei same likegyldige kunne sjå på unionen som nyttig òg for dei når alt kom til alt. Såleis har unionen legitimert seg sjølv først og fremst gjennom resultatane, ikkje så mykje for å ha oppfylt den politiske viljen til EU-borgarane.»

Vil ha overstatleg union

Habermas skriv at den europeiske sentralbanken, EU-kommisjonen og EU-domstolen har stor innverknad på dagleglivet til innbyggjarane, sjølv om desse institusjonane er dei som i minst grad er underlagde

demokratisk kontroll.

«Ubalansen mellom nasjonale økonomiar, som var der i starten, har vorte verre. Og enno verre vil det verte så lenge EU ikkje bryt med prinsippet om at kvart medlemsland skal kunne ta suverene avgjerdar utan omsyn til dei andre medlemslanda, men berre ut frå eige nasjonalt perspektiv», skriv Habermas.

I Habermas sitt reformframlegg skal EU først «koordinere» politikken på skatt, budsjett og økonomi i medlemslanda, «som skal hindra at den økonomiske politikken i eit land får negative verknader på økonomien i eit anna medlemsland». Så skal EU vidare kunne skrive ut skattar til eit felles EU-budsjett som skal fjerne den strukturelle ubalansen innanfor valutaunionen. Til slutt vil ein prøve å få til delvis kollektivisering av statsgjeld.

«Alt dette krev at valutaunionen vert utvida til ein reell politisk union», slår Habermas fast.

Deling i kjerne og periferi

«Kva er alternativet til vidare integrasjon basert på den noverande, føderale modellen? Det som trengst i første omgang, er ei fast avgjerd om å utvide den europeiske valutaunionen til ein

politisk union», heiter det.

«Dette steget ville for første gong vere ei seriøs deling av unionen til ein kjerne og ein periferi. Om det lèt seg gjere å få til dei naudsynnte endringane i EU-traktatane, vil i hovudsak avhenge av støtte til denne differensieringa frå land som føretrekkjer å stå utanfor. I verste fall ville ein prinsipiell motstand berre kunne overvinnast med ei nyetablering av unionen.»

Overstatleg fantasi

I same nummer av avisa svarar forfattar Kaj Skagen på Habermas sin artikkel. «Jürgen Habermas meiner europeiske intellektuelle ikkje bryr seg om EU. Men hans eige framlegg er ein supernasjonal utopi knapt nokon drøymar om», meiner Skagen.

Han viser til at Habermas skriv at EU er eit eliteprosjekt som befolkninga i EU-landa passivt godtek så lenge dei trur dei tener på det, og held fram: «Men då finst det vel heller ikkje noko grunnlag for ein europeisk nasjonsbyggnad? Habermas meiner at ein slik europeisk superstat likevel må byggjast, ikkje fordi folk vil det, men fordi den økonomiske krisa i eurosona ikkje kan løysast utan ein slik

overnasjonal stat.»

Habermas seier at nasjonalstatane kan halda fram med å vera statar innanfor den større overnasjonale staten på to måtar: som «gjennomførande demokrati» og som overvakar av sivile fridomar. «Men eit 'demokrati' som berre 'gjennomfører' kva andre instansar har avgjort, er ikkje eit demokrati, men eit funksjonærvelde. Og det er ikkje demokratiet, men rettsvesen og politi som overvakar dei sivile fridomane.»

Skagen meiner vidare at ei «overnasjonal ålmente ville dessutan av reint språklege grunner verta ei eliteålmente som berre omfatta dei som kan uttrykkja seg på engelsk nærast som morsmål, og dét i ein føderasjon utan England. Heile befolkninga ville falla ut av den offentlege samtalen om føderale saker.»

Utan folkeleg støtte

Skagen skildrar eit overnasjonalt demokrati der berre elitane snakkar saman.

«Det ville verta eit mammutdemokrati med sytten land og meir enn 300 millionar innbyggjarar utan folkeleg støtte. For ingen vil ha ein slik superstat i Europa, bortsett frå nokre få

politiske og intellektuelle elitistar».

Poenget med Habermas sin superstat er å sikre overføring frå rikare delar av unionen til fattigare delar. Om prosjektet til Habermas skal ha mening, må det vere grunna i eit sosialdemokratisk eller sosialistisk omfordelingsprinsipp.

«Men ein kan ikkje føderalisera heile Europa og skipa til ein superstat for å få til ein ny økonomisk politikk, for så berre å sjå på at folkemassene etter frå høgproduktive til lågproduktive område og så bortetter. Men om den økonomiske politikken er teken ut av politikken, utan offentleg samtale, har vi ikkje lenger eit superdemokrati, men ei totalitær statsdanning.»

Av Sindre Humberstet
sindre.humberstet@neitileu.no

TILBOD TIL FAGFORENINGAR OM Å STØTTE NEI TIL EU:

Bli nei-venn!

– Vi har sendt ut tilbud om å bli nei-venn til samtlege fagforeningar i Fagforbundet, seier Odd Haldgeir Larsen frå Fagforbundet.

– Det har vi gjort fordi vi meiner Nei til EU er ein viktig kunnskapsbank for våre tillitsvalde, seier han og oppmodar fagforeningar i Fagforbundet og andre forbund om å verte nei-venner.

– Vi må bruke ressursane våre til å støtte opp om arbeidet til Nei til EU. Det er viktig for Fagforbundet sine lokalavdelingar.

Alle nei-venner vil få tilsendt Standpunkt til foreiningskontoret, og dei får i tillegg også tilsendt alle Vett-hefta som vert gjevne ut i løpet av året. Vett er Nei til EUs eigen skriftserie, og kjem ut fire gonger i året.

I Vett går vi i djupna på aktuelle tema. Dei siste hefta har omhandla alt frå eurokrisa, EØS og landbruk, kvinner i Europa til faglege rettar og EU som fredsprosjekt.

– Krisa i Europa har aktualisert EU sitt liberalistiske prosjekt, der dei brukar arbeidsløse som eit heilt bevisst middel. Dei som ikkje fekk vere med på festen må betale rekninga, seier Larsen.

– Det beste fagrørsla kan

gjere er å støtte opp om Nei til EU for å få meir kunnskap om politikken som vert ført og om vilkåra for å vidareføre den norske velferdsmodellen, seier han.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no



Vil støtte Nei til EU. Odd Haldgeir Larsen frå Fagforbundet ber lokalavdelinga sine om å støtte arbeidet til Nei til EU.

FOTO: SINDRE HUMBERSSET

Nei-venner:

Bestevenn: 10 000,-
(5 eks. av Standpunkt samt 10 eks. av hvert Vett)

God venn: 5000,-
(5 eks. av Standpunkt samt 5 eks. av hvert Vett)

Mellomstor venn: 3000,-
(3 eks. av Standpunkt samt 3 eks. av hvert Vett)

Liten venn: 1500,-
(1 Standpunkt samt 2 eks. av hvert Vett)

Send ein e-post til neitileu@neitileu.no med namn og adresse på foreininga, samt kva vennskap som de ønskjer.

BLI FAST GIVER:

Nei til EU trenger din støtte!

Vil du støtte oss ved å bli fast giver og inngå en avtalegiro-ordning med Nei til EU?

Alle bidrag er like velkomne, om du vil støtte med et månedlig beløp eller en gang i kvartalet. Pengene kommer utrolig godt med og er en bærebjelke for et fortsatt aktivt og kunnskapsrikt Nei til EU.

Viktige spørsmål

Hva kan stortingsvalget få å si når det gjelder Norges forhold til EU?

Vil EUs kutt-politikk fortsette? Hvor går Storbritannia? Hva med Island?

